



Bjørn Arve fortel elevane korleis ein byggjer ein færing. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I dag vart historia atter levande i Bøkkerverkstaden på Rød.**

**23 sjetteklassingar frå Bringedalsbygda og Sunde lærte korleis ein byggjer ein færing.**

**Ein duo frå Sunnhordland Museum, som har vore flinke aktørar før i bygdetunet vårt i Uskedalen, hadde ei svært levande undervisning også denne gongen.**



Ein båtbyggjartrall vart det og tid til. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Undervisningsleiar Johanne Øvstebø Tvedten og den utruleg mangfaldige bygningsvernkonsulent Bjørn Arve Lundehadde som vanleg ingen problem med å få elevane til å engasjera seg og høyra etter då dei



Her blir det produsert nøkkelhaldarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

presenterte undervisningsopplegget '!Eg byggjer meg ein båt'.

I eit innleiande, svært livaktig tablå gav mannen uttrykk for draumen om å byggja seg ein ny færing og fekk etter kvart kona med på prosjektet. Ei historie om konfirmanten Jonas som vart båtbyggjar gjorde også inntrykk på elevane.

Elevflokket vart så delt i tre og gruppene fekk laga nøkkelhaldar, læra festing av båtborða og sjå korleis ein set saman ein færing - illustrert med byggjesett.

Museums pedagogane hylla sunnhordlendingane som tiltaksame folk som har halde bytbyggjartradisjonen levande og utvikla han vidare i tusener av år.

Sjølve har dei ei viktig oppgåve med omsyn til å halda kulturhistoria levande.

Av Ola Matti Mathisen